

Skrivemåten av namnet på bruket ditt

Kartverket har sendt brev til Nord-Aurdal kommune og spurt om skrivemåten av stadnamn som begynner på Stogo- eller Stugu-. Du er eigar eller festar av eit bruk med dette føreleddet, og vårt spørsmål er om du meiner føreleddet i det aktuelle namnet skal skrivast Stogo- eller Stugu-.

Kvifor høyring no

Spørsmålet har kome opp fordi stadnamnnemnda i Nord-Aurdal hadde føreslått namnet Stogodalsvegen på ein veg gjennom Stogodalen. Då Språkrådet fekk forslaget til godkjenning, stilte dei spørsmål om skrivemåten bør vera Stogo- eller Stugu-, sidan begge skrivemåtar er brukte i området. Etter vanleg prosedyre har Språkrådet bedd Kartverket om å ta opp skrivemåten av dei aktuelle namna for å få avklart rett skrivemåte. Kartverket har så bedd kommunen sende spørsmålet på høyring.

Som brukseigar eller -festar har rett til å uttala deg om namnet på bruket ditt. Av lista nedanfor går det fram kva for skrivemåtar som har vore i bruk, og kva for ein skrivemåte stadnamnnemnda i Nord-Aurdal vil tilrå.

I bruk på norgeskart.no og i matrikkelen	Forslag frå stadnamnnemnda i Nord-Aurdal
Stuedalen (bruk 107/4)	Stogodalen
Stogohytta (bruk 107/38 og 107/50)	Stogohytta
Stogobu (bruk 107/65)	Stogobu
Stogodalen (dal)	Stogodalen
Stogoelvi/Stuguelvi/Stogodalselv (bekk)	Stogoelve
Stuguelvi/Stogoelve (bekk)	Stogoelve
Stuguvollen/Stogovollen/Stogovollen (seter/støl)	Stogovollen
Stugulii/Stogolie (seter/støl)	Stogolie
Stogofjorden/Stugufjorden (vann)	Stogofjorden

Stadnamnnemnda i Nord-Aurdal ønskjer skrivemåten Stogo- fordi det samsvarar med den vanlege uttalen i Nord-Aurdal. Stogofjorden og Stogodalen ligg rettnok i eit område som grensar til Sør-Aurdal og Gol, og i dei kommunane er den vanlege uttalen Stugu-. Sidan nokre bruk i området har tilhørt eller tilhøyrer golingar eller søraurdølar, er Stugu- brukt i namnet på enkelte bruk.

Landskapsnamna Stogofjorden, Stogodalen og Stogoelve bør klart ha éin skrivemåte, og det bør etter stadnamnnemnda si meininga vera skrivemåten som samsvarar med den lokale uttalen: *Stogo-*.

Namn på bruk

Ifølgje § 6 i lov om stadnamn kan eigaren/festaren bestemme skrivemåten av eige bruksnamn *dersom han/ho kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk* (på offentlege kart, på skilt, i matrikkel, skøyte eller liknande.) Det er framleis Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom du som grunneigar ønskjer ein annan skrivemåte enn den stadnamnnemnda føreslår, kan du gjera krav på det ved å leggje ved slik dokumentasjon. Lovendringa gjeld altså bruksnamn, ikkje gardsnamn.

Prosessen vidare

Når høyringsfristen er ute, samlar stadnamnnemnda i Nord-Aurdal alle innspela og samordnar dei. Deretter blir alt materialet sendt til Språkrådet, som kjem med ei tilråding til Kartverket. Kartverket gjer så endeleg vedtak.

Du har no sjansen til å medverke og uttala deg i spørsmålet om kva skrivemåte som skal gjelde ved offentleg bruk av bruksnamnet ditt. Eit eventuelt framlegg til saka kan du sende til Nord-Aurdal kommune, postboks 143, 2901 Fagernes, eller via e-post til nak@nord-aurdal.kommune.no innan **onsdag 24. april 2019.**

Vennleg helsing
for stadnamnnemnda i Nord-Aurdal

Aud Søyland
(leiar)